

Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig As Avd Bergen
Ole Rieck
Postboks 1213 Sentrum
5811 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8772 - 23/34685

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
04.05.2023

Innvilga saksomkostningskrav for omgjering av vedtak om retting og tvangsmulkt - gbnr 219/1 Vike

Administrativt vedtak: **Saknr: 451/23**
Byggjestad: Gbnr: 219/1
Saksnummer: 21/8772 Vike

Vedtak

Saksomkostningskravet innvilgast med kr 22 200,- eksklusiv meirverdiavgift., jf. forvaltningslova § 36 første ledd.

Saka er handsama administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova §23 nr.4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Saka gjeld

Vi viser til krav om dekning av saksomkostningar mottatt 05.04.23 frå advokat Simonsen Vogt Wiig. Samla krav utgjer kr. 22 200,- eksklusiv meirverdiavgift. Kravet gjeld dekning av kostnadar i høve klage på administrativt vedtak datert 01.08.22. Administrasjonen endra vedtaket i brev av 14.03.23, etter begjæring frå advokat Simonsen Vogt Wiig.

Grunngjeving

Fvl § 36 første ledd lyder som følgjer:

Når et vedtak blir endret til gunst for en part, skal han tilkjennes dekning for vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket, med mindre endringen skyldes partens eget forhold eller forhold utenfor partens og forvaltingens kontroll, eller andre særlige forhold taler mot det.

Det leggast til grunn at endringa av vedtaket inneber ein endring til gunst for tiltakshavar Vike Camping & Marina AS.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det er vidare eit vilkår at det kun er vesentlige kostnader som har vært nødvendig for å få endret kommunens vedtak som kan krevjast dekka.

Kostnaden må være pådratt i innanfor den dekningsberettigene perioden som er frå det pålagde vedtaket vart fatta til vedtaket vart endra. Kostnadene utanfor denne perioden vil ikkje ha vore nødvendige for å få endret vedtaket. Kostnadane som vert krevd dekka er innanfor den dekningsberettigene perioden.

Hovudregelen er at ein part skal få dekka vesentlege og nødvendige kostnadene som knyt seg til endringa av vedtaket. Kravet om at kostnadene må vere vesentlige, er meint å skulle utelukke småutgiftar og parten sitt eige arbeid med saka. Utgifter til advokat og utgifter til annen juridisk bistand vert omfatta av vesentlegkravet.

Når det gjelder vurderinga av kva for utgiftar som har vore nødvendige, så vert det lagt vekt på saka si vanskelegheitsgrad, karakter og kompleksitet, jf. Ot.prp.nr. 3 (1976-77).

Sivilombudsmannen har i sak 2008/1603 og 2015/2936 uttalt at det må foutsattast at saka er tilstrekkeleg opplyst av klageinstansen slik at klager ikkje må gjenta same arbeid. I kva slags grad det er nødvendig for klagar å fremskaffe supplerande opplysningar varierer sterkt frå sak til sak. Avgjerda vert konkret. Det skal leggast vesentlig vekt på kva klager sjølv med rimelegheit har oppfatta som naturleg og nødvendig. Det er likevel ikkje slik at klager aleine kan avgjere kva som kan krevjast dekka. Det er bare utgifter til tiltak som parten med rimelegheit kunne anse som formålstenleg som vert dekka.

Vurdering

Framsett krav:

Alver kommune traff 14.03.2023 vedtak om å oppheve sitt vedtak om pålegg om retting, samt tvangsmulkt av 01.08.2022 overfor Vike Camping og Marina AS. Dette etter begjæring fra Vike Camping og Marina AS av 02.02.2023 om omgjøring av kommunens vedtak om pålegg om retting, samt tvangsmulkt i medhold av forvaltningsl. § 35.

Kommunens vedtak om pålegg om retting og tvangsmulkt overfor Vike Camping og Marina AS av 01.08.2022 har således blitt endret til gunst for Vike Camping og Marina AS, ved at rettingspåleget og tvangsmulktvedtaket overfor selskapet har blitt opphevet.

Vike Camping og Marina AS krever således dekket sine kostnader til advokat som har påløpt for å få endret vedtaket av 01.08.2022, i medhold av forvaltningslovens § 36. Advokatkostnadene har vært nødvendige for å få opphevet kommunens vedtak av 01.08.2022 overfor selskapet.

Advokatkostnadene beløper seg til kr 22 200 for gjennomgang av saksdokumenter, kommunikasjon med klient og utforming av begjæring om omgjøring av kommunens vedtak, fordelt på 6 timer.

Vike Camping og Marina AS krever således dekket et beløp stort kr 22 200. Beløpet er eks. mva. Det kreves ikke dekket mva. av beløpet i tillegg, da selskapet har fradragsrett for mva.

Det er vist til følgjande saksomkostningskrav:

25.01.2023	Utk. omgj. pålegg retting/tvangsmulkt, mailer klar. txt mail til AGM skjæte	4,25
29.01.2023	Orr. omgjør-begi. tvbangsmulkt&k-vilkår BKs komrn. 2 nye vedlegg/gjig.	1,00
31.01.2023	Klargj. alle doks. Mailet til Søren for komm omgj. k-vilkår	1,50
01.02.2023	Mailer SH etc.	0,25
02.02.2023	Utsendelse 2 brev til komm., mailer Gr.M.	0,50

Timelista viser 7,5 timer arbeid med juridisk bistand.

Det er i tillegg gjort greie for følgjande:

Jeg har merket med gult hvilke timer dette arbeidet omfatter. Som fremgår utgjør dette totalt 7,5 timer (4,25, 1,0, 1,5, 0,25 og 0,5 timer). I disse timene er det som det fremgår også inkludert noe tid til annet arbeid for Vike Camping og Marina AS. Med fradrag for dette har vi således beregnet 6 timer for arbeid tilknyttet begjæring om omgjøring av kommunens pålegg om retting og tvangsmulkt av 01.08.2022.

Ut frå ei konkret heilskapsvurdering av saka sin vanskelegheitsgrad, karakter og kompleksitet, vurderer Alver kommune at det arbeid som har vore naudsynt for å få endra vedtaket er 6 timer, jf. fvl. §36. Dette er utgifter som parten med rimeleghet kunne sjå som føremålstenleg, som vert dekka, ettersom det er forståeleg at utgiftene vart pådratt.

Konklusjon

Saksomkostningskravet innvilgast med kr 22 200,- eksklusiv meirverdiavgift. Beløpet vil bli overført til kontonummer 9046 13 94042 innan rimeleg tid.

Aktuelt regelverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagan er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagan kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagan kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagan må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagan bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påkлага. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagan er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagan er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjøvast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig As Postboks 1213 Sentrum 5811 BERGEN
Avd Bergen